
Saksnr: 2021/21892-2
Saksbehandlar Lathamini Murugesu
Dato: 23.06.2021

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Svar på spørsmål frå representanten Iril Schau Johansen (H) om tannortopedi ved TK Vestland

I samband med handsaming av PS 35/21 Forvaltningsrevisjon tannhelse - Revisjonsrapport ligg det m.a følgjande i protokollen etter møte i kontrollutvalet, 10.mai 2021:

«Iril Schou Johansen (H) stilte spørsmål ved at TK Vestland for tida ikkje har tilgjengeleg kjeveortoped. Det er kunngjort ledig 40% stilling med frist til 12.05.2021. Betyr dette at kjeveortopedi vert nedprioritert? Fylkesrådmannen forsikra at det ikkje er tilfelle, det skal vera tilbod om kjeveortopedi ved TK Vestland. Han kjem attende med nærare svar på spørsmålet.»

Fylkeskommunedirektøren gir følgjande nærare svar på spørsmålet i protokollen:

Kjeveortopedteneste er ikkje ei lovpålagt teneste for den offentlege tannhelsetenesta og behandlinga skal betalast at føresette. Det ikkje lovpålagt at den offentlege tannhelsetenesta må ha kjeveortoped.

Vi har for tida to kjeveortopedar i 100% stilling på TK Vestland. Den eine stillinga har eksistert i mange år og har vore plassert på Engen tannklinikk. Då vi starta/etablerte TK Vestland, vart den flytta dit. Denne kjeveortopeden går av med pensjon til sommaren.

TK Vestland har behov for kjeveortoped for tverrfagleg arbeid med vanskelege kasus, og ikkje for vanleg kjeveortopedisk behandling. Vanleg kjeveortopedisk behandling skal betalast av føresette og går føre seg i regi av private kjeveortopedar, då dette ikkje er ein teneste offentleg tannhelseteneste skal tilby.

I utgangspunktet treng vi ikkje meir enn 100% stilling kjeveortoped på TK Vestland. Med utlysing av ei 40 % stilling, vil TK Vestland vere bemanna med 140 % kjeveortopedressurs. Med ei slik bemanning, skal også kjeveortoped ha ansvar for forskning.

